

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Vår dato: 18.12.2017
Vår ref.: 201708961-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 13.11.2017
Dykkar ref.: 16/162 - 17/14013

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentleg ettersyn av kommunedelplan for Bø - Plansak 12602016000100 - Radøy kommune

Vi syner til brev datert 13.11.2017. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommunedelplan for Bø. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i gjeldande kommuneplan.

Under risiko og sårbarheit finn vi at grunnen i området som strekker seg frå skulen og ned mot Leitevågen er av leire og kan vere skredutsett, og at nokre delområde er i bratt terreng. Vidare finn vi at eit område er avdekket som mogeleg utsett for rasfare. Dette er lagt inn som naturområde for å unngå risiko ved utbygging.

I føresegnene finn vi oppført ein føresegnsområde #H_BE8_01 som vi ikkje har klart å lokalisere i plankartet. I føresegn 2.15 heiter det at det innanfor det aktuelle området er leirgrunn som kan gi fare for leireskred. Vidare står det at det ikkje kan førast opp nye bygg og infrastrukturiltak i området før det ligg føre geologisk rapport for leireskredområde.

NVE meiner at areal som er utsett for potensiell skredfare, anten det gjeld fare for leirskred eller skredfare i bratt terreng må kartfestast og merkast i plankartet med omsynssone H310. Omsynssonene må teiknast i samsvar med teiknereglane i kartforskrifta (raud skrå skravering), og markerast i teiknforklaringa. Føresegner med krav om utgreiing av reell fare før eventuell utbygging må knytast til omsynssonene.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland